



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/3757 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på formue og inntekt per 31. desember 2017

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på formue og inntekt for kommunane i Hordaland per 31. desember 2017.

Skatteinngangen syner ein auke på 3,1 prosent i 2017 samanlikna med 2016 for kommunane i fylket samla utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken frå 2016 til 2017 1,0 prosent.

Innbetalt skatt per 31. desember 2017 i prosent av budsjett 2017 var 100,0 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 100,2 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

Det var ein skatteauke på 4,5 prosent for kommunane samla i landet frå 2016 til 2017.

Den høge skatteveksten for Sveio kommune er ekstraordinær og skuldast at ein skatteytar har seld sin del av ei verksemd.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.